



Lindås kommune



Meland kommune



Radøy kommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep,
0032 Oslo

Meland 31.05.2017

Søknad om tilskott til vegar og tiltak for digitalisering i kommunar som skal slå seg saman.

Me viser til brev datert 5. april 2017 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune har fatta vedtak om å slå seg saman. Dei tre kommunane vil bli et tyngdepunkt i nordre del av Hordaland med om lag 28 000 innbyggjarar. I arbeidde med å laga ei intensjonsavtale mellom kommunane vart viktigeita av å arbeida for effektiv internkommunikasjon i den nye kommunen vektlagt.

«Den nye kommunen skal jobba for effektiv internkommunikasjon og for å realisera lokale samferdsleprosjekt, t.d. (ikkje prioritert):

- *Nyborgtunnelen*
- *Alversund bru*
- *Sambandet Vest*
- *Ringveg Nordhordland*

Det vil bli søkt om midlar til samanslåtte kommunar til infrastruktur for å sikre planmidlar til Sambandet Vest (inkludert Moldekleiv – Landsvik – Bognestraumen bru) og Alversund bru og breiband i heile den nye kommunen.»

Vegprosjektet «Sambandet Vest» er eit vegprosjekt som vil knyte saman dei store industriområda i Nordhordland og kommunane i Vest (Mongstad og Sture/Kollnes/Ågotnes).

Det vil knyte saman dagens kommunar Lindås, Meland og Radøy (og ev Askøy, Øygarden/Fjell på eit seinare tidspunkt), noko som og vil være av stor betydning når det gjeld beredskap.

Det er i dag viktige bruer på hovudvegane, utan reelle omkøyringsvegane, noko som er svært sårbart i ein beredskapssituasjon. Sambandet Vest er etablert som eit AS og har gjennomført fleire forprosjekt, grunnundersøkingar og har no gjort traseval. I samband med arbeidet med RTP for Hordaland vart det i 2016 sendt inn ein utarbeid konseptanalyse for trasevalet.



Kartskisse Kilde: Øygarden kommune

I prosessen som gjeld bygging av ein ny kommune i Nordhordland, vil dette prosjektet vere av stor betydning. Det vil knyte saman dagens kommunar på ein heilt nye måte, og vil løyse ut potensielle, nye industriområde i den nye kommunen.

Eit anslag gjort av daglig leiar i Smabandet Vest AS, basert på erfaring med reguleringsarbeid av prosjekta i Askøypakken, tilsei at om lag kr 15 mill vil vere tilstrekkeleg for å kunne gjennomføre det nødvendige reguleringsarbeidet. Dette vil vera eit viktig bidrag for å komme eit steg vidare i realiseringa av vegsamarbeidet og vere svært viktig for intern kommunikasjon i den nye kommunen.

Kommunane Lindås, Meland og Radøy fekk i 2016 kr 2 mill til reguleringsarbeidet, og midla er førebels avsett i rekneskapen til Meland kommune. Tilskottet vil inngå som ein del av finansieringa av reguleringsarbeidet.

Saka vart handsama i førebuande fellesnemnd i mai, som vedtok å søkja om støtte til prosjektet Sambandet Vest. Me søker med dette omidlar frå potten avsett til vegar i kommunar som slår seg saman til reguleringsarbeidet for Sambandet Vest. Dette inkluderer dei regionale tilførslevegane i den nye kommunen; Landsvik-Moldekleiv i Meland, samanknytning av hovudvegane i Radøy og Alversundbrua i Lindås.

Med vennleg helsing



Øyvind H. Oddekalv

Leiar av førebuande fellesnemnd for
Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune